

Formål og retningslinjer for bruk av Pindena Påmeldingssystem

Bakgrunn

Tilbakemeldingar frå både innbyggjarar og tilsette i Hallingdal peikar på eit behov for ein god oversikt og formidling av lokale helserelaterte kurstilbod. I tillegg er det også meldt behov for betre koordinering av faglege kurs for kommunalt tilsette. Pindena Påmeldingssystem er grundig utprøvd og vil vera eit nyttig og påliteleg verktøy for påmelding og formidling av kurs. Systemet skal fungere som ein interkommunal digital kursportal.

Hensikt

- Sikre god og oppdatert informasjon for
 - a. Helserelaterte kurs til innbyggjarane i Hallingdal innan offentleg sektor. Kursportalen vil bidra til meir tilgjengelege og likeverdige tenestetilbod i kommunane.
 - b. Faglege kurs for kommunalt tilsette.
 - c. Betre koordinering av kurs. Sikre god informasjonsflyt for å sikre oppdatert informasjon og koordinering av alle framtidige kurs.
- Informasjon på kvart kurs skal seie noko om: målgruppe, innhald/program, tid og stad, påmelding, betaling, kurshaldar/arrangør.
- Samle inn data til statistikk for å synleggjera fordeling mellom kommunane.

Rammer

- Tilgang til å administrere påmeldingssystemet krev opplæring i regi av systemadministratorar i IKT Hallingdal/Hallinghelse. Tilgangen er knytt til relevant funksjon for bruk av systemet i den enkelte kommune/føretak. Ingen kurs skal publiserast utan å følgje retningslinjene.
- Kurstilboda blir i Pindena kalla **aktivitet** og er synleg på følgjande link: <https://hallingdal.pameldingssystem.no/>
- Faglege kurs for tilsette i kommunane er ikkje offentleg. Kurskalender med informasjon og påmelding for denne målgruppa vil leggjast på intranett/interne kanalar.

Avgrensning

- Ingen betaling i påmeldingssystemet
- Kurs som krev henvisning frå fastlege vil ikkje ha direkte påmelding i systemet, men kun fungere som informasjonskjelde om tilbodet. Det blir vist til kontaktinformasjon om påmelding.
- Ikkje brukast til informasjon frå private kommersielle aktørar
- Ikkje ein portal for informasjon over kultur – og fritidstilbod. Her blir det vist til Regionrådet si side *Kva skjer i Hallingdal* og portalen *Fritid Hallingdal*. Sistnemnte portal er under utarbeiding og planlagt publisering 01.01.2021.